

Taxi 1 AS
v/ Robert Aasmul
Janaflaten 10
5179 GODVIK

Dato: 02.12.2015
Vår ref.: 2015/12213-1
Saksbehandlar: mernord
Dykkar ref.:

Angående krav om å gje klage oppsettande verknad

Det vert vist til Dykkar e-mail av 30.11.2015 der De ber om at Dykkar klage vert gjeve oppsettande verknad, slik at ikkje utøving av vedtak i sak 294/15 dagsett 18.11.2015 om å gje konsesjon til Tide Buss AS om å køyre direkterute mellom Bergen sentrum og Bergen lufthamn, startar.

Etter ein vurdering finn ein her at Taxi 1 AS har rettsleg klageinteresse i denne saka, og Dykkar klage av 30.11.2015 vil av den grunn verte vurdert. Vil her vise til forvaltningslova § 28 1. ledd:

«Enkeltvedtak kan påklages av ein part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (Underinstansen).»

Vedtak i sak 294/15 den 18.11.15 om gje konsesjon til Tide Buss As om å køyre direkterute mellom Bergen sentrum og Bergen lufthamn, er eit enkeltvedtak, Jfr. fovl. § 2 1. ledd b.

I denne saka vil ein berre vurdere om klagen skal gjevast oppsettande verknad. Klage på vedtak av 18.11.15 vil verte behandla på eit seinare tidspunkt, etter at vi har motteke nærmare grunngjeving for klagen, som nemnt i Dykkar e-mail av 30.11.2015.

Utgangspunktet er at vedtak om løyve kan setjast i verk straks det er fatta og underretta part/partane. Når eit vedtak er påklaga, kan underinstansen bestemme at eit vedtak ikkje skal setjast i verk, før klagen er endeleg avgjort etter forvaltningslova § 42.

Forvaltningslova § 42 1. ledd 1. punktum lyder:

«Underinstansen, klageinstans eller annet overordnet organ kan beslutte at vedtak ikke skal iverksettes før klagefristen er ute eller klagen avgjort.»

Avgjerda vil måtte bero på skjønn av dei ulike interesser og forhold knytt til sjølve klagesaken. Bakgrunnen for regelen om oppsettande verknad er omsynet til rettsikkerheten, ved at den kan hindre at ein gjennomføring av vedtaket gjer uoppretteleg skade eller tap. Det sentrale i vurderinga her, er ein avveing av de fordelar og ulemper ein avgjerd om utsatt iverksetting av vedtaket vil gje.

Taxi 1 As har på eit tidlegare tidspunkt hevda at om Tide Buss As får konsesjon for direkterute mellom Bergen sentrum og Bergen lufthamn, er dette noko som kan få stor

verknad for konkurransesituasjonen mellom flybusstransporten i Bergen og mange småaktørar. (Brev av 3.11.2015.) Taxi 1 AS hevar at Tide Buss AS i praksis kopierer deira konsesjon. (Brev av 9.10.2015) Taxi 1 AS har ein konsesjon på køyring mellom Bergen sentrum og Bergen lufthamn.

Administrasjonen vil her opplysa at Taxi 1 AS pr. idag ikkje har starta opp køyring på dette løyve. Noko som gjer at det på noverande tidspunkt ikkje vil ha ein stor verknad for konkurransesituasjonen mellom dei ulike transport-aktørane om vedtaket vert satt i verk. Det at Tide Buss AS får starte køyringa mellom Bergen sentrum og Bergen lufthamn vil ikkje medføre direkte tap eller skade for Taxi 1 AS. Ein kan ikkje sjå at ein iverksetting av vedtak av 18.11.2014 her vil medføre uoppretteleg skade eller tap for Taxi 1 AS.

Ein utsatt iverksetting av vedtaket kan og vera til skade for Tide Buss AS, ved at dei ikkje får starta opp, når løyve er gitt i vedtak i fylkesutvalet i sak 294/15.

Krav av 30.11.15 om å gje klagen oppsettenda verknad vert ikkje teken til følgje. Ein avgjerd eter forvaltningslova § 42 er ein prosessledande beslutning, og kan ikkje påklagast. Fylkesmannen i Hordaland kan på sjølvstendig grunnlag til stilling spørsmål om oppsettenda verknad i saken.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Merethe Helland Nordnæs
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.